



Sist haustvar det stordugnad i kjellaren

**Uskedal Utvikling har no søkt kommunen om bruksendring for kjellaren i Gamleskulen der det har vore ein stor dugnadsinnsats i lang tid. Det skal verta møtelokale for opptil 40 personar der og det er tilstrekkeleg sikkerheit med omsyn til rømming ved eventuell brann, heiter det i søknaden.**

Om tiltaket sin art heiter det 'kulturell verksemd, underhaldning og fritidsaktiviteter'.

Lokala treng dispensasjon fordi ein ikkje oppnår tilstrekkeleg lyddemping, isolasjon og lufttetting. Huset er bygd tidleg på 1900 og skal ein oppnå tilstrekkeleg energi og lufttetting vil kostnadane vera så høge at det ikkje vil svara seg.

Det vert og søkt om fråvik frå byggteknisk forskrift for eksisterande byggverk.

Det er rømningsvegar i kvar ende av kjellaren og det skal monterast brannslange og pulverapparatar.

Det er eit bereknet byggjeareal på 260 kvadratmeter og eksisterende bebyggelse dekkjer 128 kvadratmeter.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen